



Trude Helen Døssland bur 30 minuttar unna rasplassen.

Trude Helen Døssland frå Uskedalen bur 30 minuttar unna rasplassen på Gjerdrum. På messenger fortel Trude Helen til uskedalen.no at ho kjenner mange som bur på plassen. Ho og familien har vener og kjenningar der. I heile går hadde ho mange telefonar og SMS meldingar for å finna ut av hendinga og at ikkje nokon av hennar vener var ramma. Lokalsamfunnet er i sjokk, fortel Trude Helen.

Det var kring kl. 04.00 natt til i går, onsdag 30. desember, raset gjekk på Ask på Gjerdrum. 9 hus med tilsaman 31 bueinginar er tekne i raset. Pr. i dag er det sakna 10 personar.

Trude Helen og familien køyrer ofte gjennom Ask og dei kjenner plassen og bustadområde godt. Ho har snakka med ei god veninne som bur på andre sida av rasområde. Alle undra seg over kor lydlaust sjølv raset var. Det var helikopterlyden som vekte naboane.

Gutane deira er i kameratgjengen med fleire som går på same skulen. Det gjeld elevar frå Maura, Nannestad og Gjerdrum. Alle kjenner nokon som har ein relasjon til tragedien.

Uskedalen.no kjenner ikkje til om det er andre frå Uskedalen som bur i eller nær område.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal

Foto: Profilbilde/ skjermbilde



Rasplassen på Gjerdrum.